



Frank Husting Byggefirma
Eidavegen 192
5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2175 - 15/31177

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

07.10.2015

Avslag på søknad om ansvarsrett og retur av søknad - gbnr 239/129 Eknes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 444/15

Tiltakshavar: Jørn Vegard Hustig
Ansvarleg søkjar: Frank Hustig Byggefirma
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Vedtak:

Søknad om ansvarsrett som ansvarleg søkjar vert avslått, jfr. Pbl. § 23-4, jf. SAK § 12-2. Årsaken til avslaget er formelle feil og manglande dokumentasjon i søknaden.

Ytterlegare grunngeving går fram av sakutgreiinga.

Saksutgreiing:

Vi viser til Dykkar søknad om ansvarsrett som ansvarleg søkjar, journalført 08.05.2015. Søknad om ansvarsrett er sendt samtidig med søknad om tiltak.

Føretaket Frank Hustig Byggefirma har sentralgodkjenning for fylgjande høve:

- Ansvarleg søkjar
- Prosjekterande - konstruksjonssikkerheit
«*Prosjektering av bæreevne og stabilitet av nytt eller endring av eksisterende tiltak som bygg, anlegg eller frittstående konstruksjon med liten vanskelighetsgrad i pålitelighetsklasse 1 iht NS-EN 1990 +NA og brannklasse 1 iht. byggt teknisk forskrift. Oppgaven omfatter dimensjonering av bærende elementer ved bruk av enkle beregninger eller tabeller, ved gode grunnforhold og standardlaster.*»
- Utførande - tømmerarbeid og montering av trekonstruksjoner

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



«Godkjenningsområdet omfatter oppføring og endringsarbeider av byggverk med liten vanskelighetsgrad, som f.eks. enebolig, tomannsbolig, rekkehus og kjedehus, og andre tømrerarbeider med tilsvarende vanskelighetsgrad. Alle relevante arbeider som inngår i oppføring av bygning omfattes av godkjenningsområdet, f.eks. betongarbeider og murarbeider for småhus i tiltaksklasse 1, montering av produkter, bygningselementer, taktekkingsarbeider og membranarbeider (fukt, radon) mm.»

Ved lokal godkjenning for ansvarsrett skal sentral godkjenning for ansvarsrett normalt legges til grunn, såfremt godkjenningen er dekkende for det aktuelle tiltaket, jf. pbl § 22-3

Gjennomføringsplanen viser at det er flere områder som ikkje er dekket med ansvarsrett og at føretaket Frank Hustig Byggefirma ikkje har sentralgodkjenning for omsøkte ansvarsområde for prosjektering. Mellom anna er fylgjande ansvarsområde (PRO) er ikkje belagt med ansvar:

- arkitekturprosjektering
- ventilasjon- og klimainstallasjoner

Det er heller ikkje vedlagt søknad om ansvarsrett for områder med krav om kontroll, jf. SAK § 14-2

Søknad om ansvarsrett vert avslått på grunn av at ein ikkje kan gje lokal godkjenning for omsøkte funksjon og fagområde. Dette på grunn av at føretaket har dokumentert gjennom innsendte søknad, at det ikkje tilfredsstillar dei krava som er gitt i sakshandsamingsforskrifta.

Søknad om ansvarsrett har fleire avvik:

1. Det er søkt om UTF/KUT for same ansvarsområde
2. Det er søkt om KUT utan å vedlegge søknad om lokalgodkjenning
3. Det er opplyst at omsøkte ansvarsområde er heilt dekt av den sentrale godkjenninga.
4. Det går fram av samsvarsrettserklæring for utførende vil liggje føre ved eittstegs søknad.

Ansvarleg søkjar har IKKJE underteikna søknadene om ansvarsrett for andre ansvarlege føretak. Saman med byggjesøknaden var det også lagt ved søknad om igangsettingsløyve.

Ansvarleg søkjar har ansvar for blant anna...

- utarbeiding og oppdatering av gjennomføringsplan
- *Gjennomføringsplanen manglar versjonsnummer, dato for samsvarerklægingar m.m.*
- avklaring av behov for dispensasjon
- *I opphavleg søknad var det ikkje søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen får andre tilhøve enn utnyttingsgrad. Ettersendte dispensasjonssøknader er ikkje tilstrekkeleg grunngitte*
- at søknad om tillatelse, eventuelt rammetillatelse og igangsettingstillatelse, inneholder alle opplysninger som er nødvendig for å vise at tiltaket oppfyller krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven
- *I søknaden går det fram av vilkåra for tre vekers sakshandsaming er stetta til tross for at det ikkje var gjeve tilkoplingsløyve og søknaden var avhengig av dispensasjon. Privatrettslege tilhøve (vegrett) og avkøyringsløyve i opphavleg søknad var ikkje på plass.*
- å identifisere og avklare ansvarsområdene for de ansvarlige foretak, både ved rammetillatelse og igangsettingstillatelse, og sende inn nødvendige søknader om lokal godkjenning for ansvarsrett

Søknadsdokumentasjonen er i innhald av ein så dårleg kvalitet og søknaden inneheld så mange manglar at saka ikkje kan takast opp til realitetshandsaming. Det er gjennomgåande mangelfull utfylling av skjema. Det er til dels også nytta utgåtte skjemaer etter førre plan- og bygningslov.

Det er registrert svikt i føretaket si systemstyring. Svikta er vurdert som vesentleg då søknaden vert returnert.

På grunn av dei nemnte manglane over, tilfredsstill ikkje Dykkar føretak krava i forskrift som krev at ansvarleg søkjar skal ha eit system som trygger at søknaden inneheld alle opplysningar som er naudsynte for å vise at tiltaket oppfyller krava i plan- og bygningslova (komplett søknad).

Gjentekne feil/manglar vil kunne indikere svikt i føretaket sitt system, eller ved bruk av det og/eller manglande kvalifikasjonar hos den faglege leiinga, alternativt manglande vilje til å etterkomme plan- og bygningslova.

Gjentekne feil/manglar vil derfor kunne føre til at føretaket ikkje får godkjenning seinare, fordi foretaket ikkje oppfyller krav til føretaket sitt system.

Ny søknad.

Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Søknaden vert slik sendt i retur. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.

Når søknaden vert sendt inn i neste omgang vil ein be ansvarleg søkjar om å legge ved sjekklister for korleis søknaden er sjekka ut før den vart sendt inn til kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.11	Avvist sak	1	2.200
10.2.9	Avslag på søknad om ansvarsrett	1	1.000
	Totalt gebyr å betala		3.200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jørn Vegard Hustig

Kaldalen 22

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Frank Husting Byggefirma

Eidavegen 192

5993

OSTEREIDET